



Sveåsen As
Strandgaten 9
5013 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/400 - 23/10915

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
06.03.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 322/148 Mjåtveit

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 322/148
Tiltakshavar: Sveåsen As
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.01.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må dokumenterast at rettar til VVA etter pbl.§§27-1, 27-2 og 27-4 er oppfylt. Det er i søknad kryssa av for at det ligg føre tinglyst rett til VVA. Kommunen ber om at det vert sendt inn ytterlegare dokumentasjon som viser at desse rettane er sikra for ny eigedom. Til dømes ved avtale eller erklæring som følgjer ny eigedom.

Det er i følgjebrev punkt 5 vist til at desse rettane er vedlagt. Kommunen kan ikkje sjå at desse ligg føre. Ber om tilbakemelding på dette.

Det er vidare vist til eit vedlegg «Q3» i søknad. Vi kan ikkje sjå at dette er lagt ved søknad. Ber om dette vert ettersendt, dersom det er nyttig informasjon for søknad.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **06.04.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Sveåsen As

Strandgaten 9

5013 BERGEN